

## **Driftssituasjonen for landslinene**

### **Fylkesdirekt ren r r hovudutval for oppl ring til   gjere slikt vedtak:**

- 1 Landslinene vert innlemma i den ordin re budsjettprosessen etter alternativ 2 i saksutgreiinga. Fylkeskommunen yter eit fylkeskommunalt tilskot som dekkjer differansen mellom det statlege tilskotet og budsjettert kostnad ved landslinene. Det er ein f resetnad at oppdragsundervisning og internat er sj lvfinansierande.
- 2 Parallelt med dette m  det arbeidast for   f  auka dei statlege tilskota slikt at desse fullfinansierer landslinetilboda.

## **Saksframstilling**

### **1. Bakgrunn for saka**

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore ein føresetnad at landslinetilboda i Aurland og Sogndal skal gjennomførast utan fylkeskommunale tilskot. Fylkeskommunen har likevel i fleire år måtte ta ansvar for driftsunderskot ved landslinene. Skulane opplever at driftssituasjonen stadig vert vanskelegare, då dei statlege tilskota ikkje har vore justert sidan 1994 for yrkessjåførutdanninga og det sidan tidleg på 90-talet berre har vore mindre justeringar for økologisk landbruk.

Noverande regjering har slege fast at landslinene skal vidareførast på same grunnlag som tidlegare.

Med utgangspunkt i dette vart det i tertialrapporten varsla at det ville bli lagt fram ei eiga sak om den driftsmessige situasjonen for landslinene.

### **2. Økonomisk utvikling ved landslineskulane**

#### **a) Sogn Jord- og hagebruksskule**

Sogn Jord- og hagebruksskule får tilskot med 0,123 mill kr per elev for 2 klassar - i alt 52 elevar. 85% vert gitt som grunntilskot etter kapasitet, 15 % etter faktisk elevtal. Frå tidleg på 90-talet har skulen fått ei tilleggsløyving på 1,6 mill kr årleg – om lag 0,030 mill kr per elevplass. Fullt tilskot utgjer såleis i alt 8 mill kr. Dei siste åra har tilskotet berre hatt små justeringar og har ikkje kompensert for faktisk kostnadsauke. Frå 2004-2007 har elevtalet vore mellom 29 og 42. Reduksjon i statstilskot ved reduksjon i elevtal (under 52) utgjer i overkant av 18 000,- pr elev.

Fylkeskommunen har i løpet av dei siste 10 åra brukt om lag 4 mill kr i egne midlar på drifta av Sogn Jord- og hagebruksskule. I 2006 hadde skulen eit underskot på 0,4 mill kr.

Det har vore arbeidd aktivt for å tilpasse drifta til den økonomiske ramma. Når det gjeld skuledrifta viser skulen i si vurdering til at nesten alle arbeidstakarar ved Sogn Jord- og hagebruksskule i 2006 har avstått frå overtidsbetaling. I tillegg har sjukdom vorte løyst ved interne omfordelingar utan tilleggsbetaling og reiser og kurs har etter avtale ikkje blitt kompensert for, heller ikkje med fritid/avspasering.

For gardsdrifta vart det sett i gang ein større tiltakspakke for å redusere underskotet for 2006. I vurderinga frå skulen heiter det m.a.: ”Vinterproduksjonen i veksthuset vart kutta for å redusere direkte utgifter til straum og arbeidskraft. Drifta av kompostplassen vart kutta ut. Dyretalet vart redusert. Areal og sortsutvalg i grønnsakene vart redusert. Alt dette reduserte aktiviteten, tilbodet – men også utgiftene monaleg. Ikkje minst har me spart ein del i arbeidskraft, og stillingar har blitt fjerna.

Ei oppgradering av det gamle veksthuset vil kunne gje ein stor gevinst på energisida.”

Skulen har to kjelder for finansiering av utstyr:

- Lånefinansiert utstyrsløyving frå fylkeskommunen (etter ordinær fordeling kr 60 000,- i 2006). I tillegg fekk skulen i 2006 midlar til kjøp av bruktbil og datamaskiner til elevnettet).
- Utstyrsmidlar til landsliner, fordelt av KS (kr 22 000,- i 2006)

#### **b) Sogndal vidaregåande skule – yrkessjåførutdanninga**

Skulen får etter gjeldande regelverk overføringar frå staten per elev, etter teljing i november og mars. Tilskotet per heilårselev er 0,102 mill kr. 15% av tilskotet byggjer på faktisk elevtal,

medan 85% er eit grunntilskot etter kapasitetsgrenser sett av departementet. Elevar som tek modul 1 Trafikktryggleik (lærlingar Transportfag) får tilskot som  $\frac{1}{4}$  årselev, for ein  $\frac{1}{2}$ -årig yrkessjåførelv vert det gitt tilskot for ein  $\frac{1}{2}$  årselev.

Departementet utarbeidde i 1994 eit normalbudsjett for drifta av landslinetilbod i yrkessjåførfaget. Budsjettet var eit reint driftsbudsjett og bygger på 2 heilårsklassar. Investeringar til nytt utstyr kom utanfrå, utstyr vart i hovudsak kjøpt inn av departementet og fordelt på skulane. Det er gjennomført endringar i desse rutinane. Utstyrløyvingar kjem framleis utanfrå, men går no som rammetildeling til skulane gjennom ulike sentrale prosessar.

Tilskotssummen på i alt 0,102 mill kr per heilårselev har ikkje vorte justert sidan 1994. Tala som elevtilskotet byggjer på (normalbudsjett frå 1994) er såleis om lag 13 år gamle. I normalbudsjett frå 1994 er tilhøvet lønsutgifter/anna drift vurdert til å vere 67/33 %. Maksimal tildeling etter gjeldande satsar og definert kapasitet (2 klassar) gir 3,060 mill kr. Tildelinga vert redusert – om kapasitetsmålet ikkje vert nådd, med 0,650 mill kr per  $\frac{1}{2}$  års kurs.

Læreplanane føreset eit lærartimebruk på 132 t/v ved full kapasitetsutnytting. Dette tilsvarar om lag 5,5 lærarstillingar. I normalbudsjett frå 1994 er det rekna med administrasjonsressurs 50% stilling og andre lønskostnader til kontortenester, vaktmeister og reinhald. Årlege driftskostnader – arbeidsmateriell, driftsmidlar, vedlikehald etc. var i 1994 rekna til om lag 1,0 mill kr.

Sidan 1994 har lønskostnadane auka kraftig. Som eksempel har lærar med 16 års ansiennitet hatt ei lønsauke på 75 % i same periode. I tillegg har arbeidsgjevardelen av pensjonsinnskottet auka med 50 %. Lønskostnadane utgjer 75 % av totale kostnadane. Endring i konsumprisindeksen frå 1994 – 2006 har til samanlikning kun auka med 28 %

Det er liten tvil om at auka kostnader fører til vanskelege driftstilhøve for landslina. Føresetnaden frå Sogn og Fjordane fylkeskommune si side har vore at drifta skulle gjennomførast innan rammer for statlege tilskotsordningar. Det har så langt ikkje vore ytt fast fylkeskommunal stønad korkje til drift eller utstyrløyvingar. Fylkeskommunen har einskilde år likevel teke ansvar for mindre driftsunderskot. Fylkeskommunen har i løpet av dei siste 10 åra brukt om lag 2 mill kr i eigne midlar på drifta av yrkessjåførutdanninga. I 2006 hadde utdanninga eit underskot på 0,5 mill kr.

Gapet mellom statlege tilskot og faktiske driftskostnader er etter kvart blitt for stort til at det kan motverkast gjennom t.d. reduksjonar i lærartimetil og vedlikehald.

Utan auke i statlege overføringar er driftssituasjonen ved yrkessjåførutdanninga i Sogndal ei utfordring. Skal dette utdanningstilbodet vidareførast må Sogn og Fjordane fylkeskommune truleg aktivt medverke gjennom årlege løyvingar. Einskilde fylkeskommunar (m.a. Rogaland og Aust-Agder) har allereie teke konsekvensen av den vanskelege driftssituasjonen for denne utdanninga og går aktivt inn med fylkeskommunale driftstilskot/garantiar.

### **3. Fylkesdirektøren si vurdering**

Målsettinga med det øyremerka tilskottet til landslinene er å sikre elevar i vidaregåande opplæring eit nasjonalt tilbod i einskilde små og/eller kostnadskrevjande kurs. Tilskotsmottakarar er fylkeskommunar som driv opplæringstilbod som har fått status som landsliner.

Utgangspunktet for finansiering av landslinene ved innføring av nytt inntektssystem i 1987 (St. meld. Nr. 26 (1983-84)) var at landslinetilboda skulle finansierast utanom rammetilskotet til fylkeskommunane, slik at tilboda vart fullfinansiert frå staten si side. Etter dette har ordninga variert mellom finansiering via rammetilskotet m/tilhøyrande gjesteelevordning og finansiering via landslineordning med øyremerkta finansiering utanom rammetilskotet.

Det har vore ein føresetnad for Sogn og Fjordane fylkeskommune at statstilskotet utgjer den økonomiske ramma for drifta av landslinene. På bakgrunn av dette har fylkeskommunen ikkje utarbeidd/tildelt budsjett for landslinene, men føresett balanse i høve motteke statstilskot.

Som vist over har fylkeskommunen likevel dei siste åra måtta ta ansvar for driftsunderskot ved tilboda.

Slik realitetane er har fylkeskommunen følgjande ansvar når det gjeld drifta av landslinene:

- arbeidsgjevaransvar for dei tilsette
- resultatansvar (må dekke evt underskot)
- ansvar for å stille naudsynte lokale og skuleromsutstyr, verkstader, øvingsareal og liknande til disposisjon for landslinene.

Fylkesdirektøren ser det som vesentleg at fylkeskommunen har eit realistisk opplegg for å ta ansvar for kjende driftskostnader innan sektoren. Som vist over har landslinene over fleire år kome ut med underskot. Det er ikkje grunn til å sjå føre seg at driftssituasjonen vil betre seg i åra framover. For yrkessjåførutdanninga er det etter fylkesdirektøren si vurdering dokumentert at det vil vere uråd å drive tilbodet innan rammene av statstilskotet. Når det gjeld Sogn Jord- og hagebruksskule må det gjerast eit arbeid med å vurdere tiltak og konsekvensar ut frå føresetnaden om at all oppdragsundervisning og internatet ved skulen skal vere sjølvfinansierande og at det statlege tilskotet skal dekke kostnadene ved opplæringstilbodet og gardsdrifta.

Fylkesdirektøren meiner fylkeskommunen sitt ansvar for landslinene best kan ivareta ved å innlemme landslinene i den ordinære budsjettprosessen. Dette kan gjerast på 2 måtar:

*Alternativ 1 Landslinene vert budsjettert etter same system som dei andre vidaregåande skulane.*

Fylkeskommunen tek ansvar for å sikre at dei økonomiske rammene er realistiske og klarleggje "bestillinga" til den einskilde institusjon. Sogn og Fjordane fylkeskommune har innført eit system for resultatoverføring for dei vidaregåande skulane, der overskot/underskot vert overført til neste år. Dette utvidar handlingsrommet for skulane, både i høve til oppsparing med tanke på større tiltak seinare eller gjennomføring av "notiltak" mot framtidige innsparingar. Oppdragsundervisning ved skulane (t.d. arrangering av kurs for lokalt næringsliv) er ikkje ein del av budsjettssystemet. Slik aktivitet er føresett fullfinansiert av egne inntekter. Fylkeskommunen tek med dette totalansvar for drifta av landslinene som eit fylkeskommunalt tilbod med statleg tilskot.

*Alternativ 2 Det vert budsjettert med eit fylkeskommunalt tilskot*

Dette inneber at det kvart år vert utarbeidd realistiske og fagleg forsvarlege budsjett for landslinene for komande budsjett-/skuleår. Fylkeskommunen vil i dette alternativet budsjettere med ein fylkeskommunal kostnad (fylkeskommunalt tilskot) som tilsvarer differansen mellom statstilskotet og utarbeidd budsjett for landslinene. Landslinene vil gjennom dette, så lenge landslineordninga vert vidareført, ha kjende og realistiske økonomiske rammes for komande budsjett-/skuleår.

---

Fylkesdirektøren meiner fylkeskommunen no meir aktivt må ta ansvar for kjende kostnader i sektoren og å sikre realistiske økonomiske rammer for landslinene. Fylkesdirektøren meiner ein likevel på halde fast på at tilboda er oppretta som landsliner og heilt klart er knytt til føresetnadene om statleg finansiering. Tilboda har på grunnlag av dette ikkje vore vurdert oppretta som eigne fylkeskommunale tilbod. Så lenge landslineordninga vert vidareført, meiner fylkesdirektøren det vil vere rett å innlemme landslinetilboda i den ordinære budsjettprosessen etter alternativ 2. Parallelt med dette må det arbeidast for å få auka dei statlege tilskota slik at desse fullfinansierer landslinetilboda.